



# SAKSUTGREIING

ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskap	01.06.2015	051/15
Etne kommunestyre		

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Elling Hetland	N - 012, Hist - 14/1018	15/1081

## Behandling av forprosjektrapporten for kommunereform i Sunnhordland og val av utgreiingsalternativ for kommunesamanslåing på Haugalandet og i Sunnhordland

### TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

1. Etne kommune går ikkje vidare med utgreiing av ein storkommune i Sunnhordland.
2. Etne kommune går inn for å utgreia alternativet med Sauda, Suldal, Etne og Vindafjord og alternativet Etne og Vindafjord. Utgreiing av alternativet Etne og Vindafjord kan organiserast og gjennomførast som ein del av utgreiinga Sauda, Suldal, Etne og Vindafjord, dersom det er praktisk for gjennomføringa.
3. Tidsplan og rammer for utgreiinga skal godkjennast i eiga politisk sak på første ordinære møtet etter ferien.

### 01.06.2015 Formannskap

Roar Gundegjerde (H) fremma følgjande endring til punkt 2 i rådmannen si tilråding 1. setning:

*"Etne kommune går inn for å utgreia alternativ med Sauda, Suldal, Etne, Vindafjord, Tysvær og Bokn."*

### RØYSTING:

Tilrådinga frå rådmannen fekk 6 røyster.

Endringsforslaget frå Roar Gundegjerde (H) fekk 1 røyst og fall.

Etter dette ligg det føre slik

**F- 051/15 Vedtak:**

**TILRÅDING FRÅ ETNE FORMANNSKAP TIL ETNE KOMMUNESTYRE:  
(6 MOT 1 RØYST)**

1. Etne kommune går ikkje vidare med utgreiing av ein storkommune i Sunnhordland.
2. Etne kommune går inn for å utgreia alternativet med Sauda, Suldal, Etne og Vindafjord og alternativet Etne og Vindafjord. Utgreiing av alternativet Etne og Vindafjord kan organiserast og gjennomførast som ein del av utgreiinga Sauda, Suldal, Etne og Vindafjord, dersom det er praktisk for gjennomføringa.
3. Tidsplan og rammer for utgreiinga skal godkjennast i eiga politisk sak på første ordinære møtet etter ferien.

**Saksgang:**

Formannskapet  
Kommunestyret

**Utskrift utan vedlegg til:**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland; [firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no](mailto:firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no)  
Vindafjord kommune; [postmottak@vindafjord.kommune.no](mailto:postmottak@vindafjord.kommune.no)  
Sauda kommune; [post@sauda.kommune.no](mailto:post@sauda.kommune.no)  
Suldal kommune; [postmottak@suldal.kommune.no](mailto:postmottak@suldal.kommune.no)

**SAKSUTGREIING:**

**Innleiing (bakgrunn for saka)**

Rapporten frå forprosjektet for kommunereforma i Sunnhordland er mottatt til behandling i kommunen. Med bakgrunn i denne må kommunen ta stilling til deltaking i eventuelt vidare utgreiingsarbeid med ein eller fleire av Sunnhordlandskommunane.

For arbeidet på Haugalandet var det i k-sak 023/15, den 9. april, lagt opp til at følgjande alternativ er aktuelle for utgreiing:

- Alternativ 0: Vidareføring av kommunestrukturen som den er i dag
- Alternativ 1: Samanslåingsløyningar med Bokn, Sveio, Tysvær og Vindafjord
- Alternativ 2: Samanslåing av Vindafjord, Etne, Sauda og Suldal
- Alternativ 3: Samanslåing av Etne og Vindafjord

I saksutgreiinga står det:

«Kva av desse alternativa som skal utgreiast vidare vil vera avhengig av vedtaka i dei ulike kommunane. Det er ei føresetnad at alle deltakande kommunar har eit positivt vedtak. I den pågåande prosessen er det difor sannsynleg at enkelte alternativ vil «falle av». Det er og mogeleg at alle blir ståande. Det er, slik rådmannen ser det, ikkje ønskjeleg å føreta ein grundig utgreiing av alle alternativa. Det vil vera sær særressurskrevjande. Det gjer at det vert nødvendig med ei ny runde i junimøtet i kommunestyret, der ein gjer endeleg vedtak om kva av desse alternativ ein går vidare med.»

## Problemstilling

### Sunnhordlandsprosjektet

Kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Tysnes vedtok i 2014 å få utarbeidd eit faktabasert grunnlag, som i neste omgang skal gjera interesserte kommunar i stand til

å vedta framtidig kommunestruktur i Sunnhordland.

Det vart sett ned ei prosjektgruppe som har bestått av følgjande:

- o Ordførar Renate Klepsvik, Austevoll kommune
- o Liv Bente Storebø, Austevoll kommune
- o Ordførar Odd Harald Hovland, Bømlo kommune
- o Inge Reidar Kallevåg, Bømlo kommune
- o Ordførar Sigve Sørheim, Etne kommune
- o Siri Klokkestuen, Etne kommune
- o Ordførar Wenche Tislevoll, Fitjar kommune
- o Harald Rydland, Fitjar kommune
- o Ordførar Synnøve Solbakken, Kvinnherad kommune
- o Peder Sjo Slettebø, Kvinnherad kommune
- o Ordførar Liv Kari Eskeland, Stord kommune
- o Sigbjørn Framnes, Stord kommune
- o Ordførar Kjetil Hestad, Tysnes kommune
- o Tore Atle Humlevik, Tysnes kommune
- o Per Jarle Valvatne, LO Sunnhordland
- o Bjørn Olav Tveit, Utdanningsforbundet
- o Odd Henry Dahle, prosjektleiar
- o Reidun Rykkje, adm. i Samarbeidsrådet

Det er nedsett ei referansegruppe i kvar kommune. Hovudsakleg har dette vore formannskapet saman med representantar frå fagrørsla.

Prosjektgruppa har følgd opp Stortinget sitt vedtak om at alle kommunar skal utgreia sin status i høve til kommunereform, og gruppa har også vore oppteken av å fylgje departementet sin rettleiar.

Prosjektgruppa vedtok å framskunda framdriftsplanen, slik at rapporten kan handsamast i kommunane før sommarferien 2015.

I prosjektrapporten vert det nytta KOSTRA-tal for 2013. Det er p.g.a. at KOSTRA-tala for 2014 framleis er foreløpige tal.

Når ein nyttar statistikk-tal frå berre eit år, kan spesielle tilhøve dette året gjere at ein får eit annleis bilete enn om ein hadde nytta tal frå andre år.

Følgjande moglegheitsbilete er greidd ut:

1. O-alternativ
2. Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Tysnes
3. Austevoll, Bømlo, Fitjar, Stord, Tysnes
4. Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Tysnes
5. Bømlo, Fitjar, Stord, Tysnes

På moglegheitsbileta vert det lagt vekt på faktabaserte forhold som t.d. Kostra-tal frå 2013. Her er det viktig å vite at det kan vera ulike grunnlag for dei funksjonane kommunane rapporterer. Det kan t.d. vera ulike organiseringar som gjer utslag, og det kan vera ulik vurdering av funksjonane.

Det er også viktig å ha med seg at utgiftsbehovet i ulike kommunar kan vera ulikt p.g.a. at nokre kommunar er rimelegare å driva enn andre som følgje av befolkningsamansetning,

busetting/geografi og reiseavstandar.

Dette må ein alltid ha med seg når ein vurderer faktabaserte tal.

Vidare arbeid:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland, som styringsgruppe, har oversendt rapporten til kommunane for vidare handsaming. Kommunane må ta stilling til rapporten og om dei ønskjer å gå vidare med arbeidet mot ei eventuell samanslåing med ein eller fleire av kommunane, eller fortsette med 0 alternativet. Det vil no vera opp til kvar kommune korleis dei ønskjer å ta saka vidare.

Før handsaming i kommunane vil det verta halde eit felles utvida formannskapsmøte 26. mai, der fagrørsla og leiar i ungdomsråda òg vert invitert.

Rapporten med vedlegg ligg vedlagt saka.

## **Haugalandsprosjektet**

### **Status i nabokommunane:**

#### Sauda kommune

Sauda kommunestyre har i møte 18. mars vedteke følgjande utgreiingsalternativ:

- Sauda aleine
- Sauda og Suldal
- Sauda, Suldal, Vindafjord og Etne
- Sauda og Vindafjord
- Sauda, Vindafjord og Etne

#### Suldal kommune

Suldal kommunestyre har i møte 17. mars vedteke følgjande utgreiingsalternativ:

- Suldal kommune som no, men med vurdering av grensejusteringar mot Hjelmeland, Odda og Sauda.
- Sauda, Suldal og Hjelmeland som ein kommune, evt med grensejusteringar mot Odda
- Suldal, Sauda, Etne og Vindafjord som ein kommune, eventuelt med grensejusteringar mot Hjelmeland og Odda.

#### Vindafjord kommune

Vindafjord kommunestyre gjorde møte 14 mars 2015 følgjande vedtak:

- Vidareføring av kommunestrukturen som den er i dag
- Samanslåingsløyser med Vindafjord, Bokn, Tysvær og Etne
- Samanslåing av Vindafjord, Etne, Sauda og Suldal
- Samanslåing av Vindafjord og Etne

#### Tysvær kommune

Tysvær kommunestyre fatta i møte 24. mars slikt vedtak:

- Kommunestyret ser det som tjenlig at en bruker tilstrekkelig tid på prosessen før en tar stilling til utredning av større endringer, og vil derfor at en avklarer 0- alternativet samt en vurdering av Tysvær og Bokn som en kommune med interkommunale løsninger, før en går vidare med andre løsninger. Det tas sikte på at det kan legges frem sak i juni 2015 der en tar stilling til vidare arbeid med kommunereformen i Tysvær.

Som det går fram av vedtaka i nabokommunane er det berre 2 av alternativa i Etne sitt vedtak som har tilsvarande oppslutning i dei aktuelle samarbeidskommunane. Det er

- Alternativ 2: Samanslåing av Vindafjord, Etne, Sauda og Suldal
- Alternativ 3: Samanslåing av Vindafjord og Etne

I saksutgreiinga i K-sak 023/15 står det følgjande om desse alternativa:

#### Alternativ 2

*«Indre alternativ utgjer kommunane Vindafjord, Etne, Sveio og Suldal. Dette vil bli ein stor geografisk kommune med i overkant av 21000 innbyggjarar. Kommunane har i dag samarbeid på ei rekke område og har for tida ein pågåande prosess om utvida helsesamarbeid»*

#### Alternativ 3

*«Samanslåing av Etne og Vindafjord er eit aktuelt alternativ, sjølv om dette framleis vil vere ein kommune som er mindre enn ekspertutvalet si tilråding. Kommunen vert på om lag 13000 innbyggjarar, og har i dag eit omfattande samarbeid på mange område.»*

#### **Vurdering:**

Som vedtatt i sak KS 23/15 skal utgreiingsarbeidet vera klar innan 1. mars 2016. Det må snarast mogeleg etter vedtak om utgreiing lagast ein plan for gjennomføring av denne prosessen i lag med aktuell kommune / aktuelle kommunar. Denne må leggjast fram for politisk godkjenning første møte etter sommarferien.

#### **Sunnhordlandsprosjektet**

Etne kommune er berre med i det mogleighetsbiletet som omfattar alle Sunnhordlandskommunane. Prosjektet i Sunnhordland har ikkje med seg mogleighetsbilete som omhandlar færre enn 4 kommunar, viss me ser bort frå mogleighetsbileta med 0-alternativet for den enkelte kommune, som alle kommunane har meldt inn eigenvurdering på.

Prosjektrapporten inneheld mange KOSTRA-tal og samanlikningar på demografi, kommunal tenesteproduksjon, kommuneøkonomi, næringsammansetning og arbeidspending, samt spørjeundersøking til næringslivet. I tillegg ligg det ved eksempel på intensjonsavtalar som er brukt ved kommunesamanslåing. Rådmannen legg ikkje opp til i denne saka å gå djupare inn i vurderingar i forhold til samanlikningane, men det er interessante tal her som uavhengig av denne saka kunne vore dukka djupare ned i.

Dei kommunikasjonsmessige utfordringane innbyggjarane i Etne vil få med å delta i ein storkommune i Sunnhordland er ikkje vurdert. Beredskapsmessige utfordringar vil også vera ein del av biletet. Sjølv om kommunegrenser ikkje skal merkast ved krisesituasjonar, vil det å reise til legevakt, ha ambulanseteneste og ø-hjelp funksjonar vera problemstillingar som må finna ei løysing og som det ikkje er lagt opp til at forprosjektet skal utgreie. Dersom Kvinnherad vel å gå inn i ein storkommune i Sunnhordland, vil det gjerne vera naturleg å sjå på slike tenester frå Husnes/Rosendal-området, men uansett må det føregå sjøvegen, der avgangsfrekvens på ferja og hurtigbåten både dag og natt er avgjerande på tilgjengelegheit.

Alternativet til ein storkommune i Sunnhordland for Etne, er å sjå mot Kvinnherad. Det er

tatt initiativ frå ordføraren i Etne til samtalar med ordførarane i kommunane rundt Folgefonna, der også Kvinnherad er med. Det har vore vanskar med å få avvikla dette møtet før denne saka må ferdigstillast og behandlast. Med Kvinnherad åleine vil ein langt på veg få dei same kommunikasjonsutfordringane som i ein stor Sunnhordlandkommune.

Etne har sterke historiske band til Hordaland og Sunnhordland. Dette har sterk samanheng med tida då fjorden var hovudferdselsåre. Etter kvart som vegen er blitt viktigare og viktigare, har fjorden sin betyding som hovudferdselsåre blitt sterkt redusert og i mange høve blitt ei ulempe, mellom anna grunna nattestenging. Dette gjer at det er vanskeleg å sjå for seg at føremøner er større for innbyggjarane i Etne kommune å gå inn i ein storkommune i Sunnhordland enn ulempene. Det kan hende at kvaliteten på tenestene blir betre enn i dag, men det må vegast opp i forhold til kor langt ein må reisa, og kor lang tid ein må bruka, for å få desse tenestene. Dei same vurderingane kan ofte også gjerast i samband med interkommunalt samarbeid.

Det er ikkje lagt inn verkemidlar i kommunereformprosjektet frå regjeringa si side som går på betra infrastruktur og kommunikasjonar for å stimulere til samanslåing.

Med bakgrunn i praktiske og kommunikasjonsmessige utfordringar vil rådmannen ikkje tilrå av Etne går vidare med å greia ut samanslåing til ein storkommune i Sunnhordland, jfr. moglegheitsbilete 2.

### **Haugalandsprosjektet**

Med bakgrunn i dei vedtaka som er gjort i Etne og dei andre kommunane på Haugalandet er det berre to alternativ igjen som er aktuelle å greie ut.

#### Alternativ 2

Rådmannen tar til etterretning at helsesamarbeidet mellom VESS-kommunane stranda fordi Sauda ikkje ville bli med på felles legevakt og ØH senger i Ølen. Etter rådmannen si vurdering vil eit kommunesamanslåingsprosjekt utfordra kommunane på mange område, truleg og på område som er meir krevjande enn dette. Rådmannen meiner difor det er grunn til å setja spørsmål ved om det er vilje nok i eit slikt prosjekt til at det bør brukast ressursar på det.

Ei utgreiing må bygge på at kommunane ser det er vinst med å bli ein kommune, i staden for å stå åleine. Sentrale element i ei slik vinst er mellom anna at ein kan slå saman funksjonar og fagmiljø slik at det gir sterkare fagmiljø og positiv resultat for brukarane.

Det bør likevel nemnast at både Sauda og Suldal står med sine vedtak om å utgreie kommunesamanslåing med Etne og Vindafjord, sjølv om helsesamarbeidet stranda. Med det bakteppet blir vala i Etne og Vindafjord avgjerande. For Etne er det vidare uaktuelt å sjå på dette alternativet viss Vindafjord seier nei, med den infrastrukturen me har i dag.

#### Alternativ 3

Etter rådmannen si vurdering er det fleire gode grunner til at Etne og Vindafjord bør gå vidare med ei utgreiing i lag. Kommunane har samarbeid på ei rekke område i dag som; Legevakt, PPT, Brannvern, Barnevern, IKT og SLT-koordinator. I tillegg er felles løysing for Ø-hjelpsenger under utgreiing. Kommunane har og samarbeidd godt på andre felt som t.d samferdsle (Kommunedelplan for ny E134) og næringsutviklingsarbeid.

Dette alternativet er kanskje det mest realistiske alternativet å komme i mål med, sjølv om det ikkje blir ein kommune med meir enn 13000 innbyggjarar.

#### **Oppsummering:**

Rådmannen ser ikkje samanslåing av alle kommunane i Sunnhordland (unntatt Sveio) til ein storkommune, som eit aktuelt alternativ å utgreia for Etne kommune, med bakgrunn i dei kommunikasjonsmessige utfordringane eit slikt alternativ gjer. Om det er aktuelt å gå vidare med utgreiing mot Kvinnherad, evt. andre «Folgefønnskommunar», må ein koma tilbake til etter at ordførarane har møttes.

På indre Haugalandet kan det vera aktuelt å utgreia eit alternativ med Sauda, Suldal, Etne og Vindafjord, men då leggja utgreiinga opp slik at alternativet Etne og Vindafjord også vert utgreidd som eit sjølvstendig alternativ, i utgreiinga med alle 4 kommunane, dersom det er praktisk mogleg. Det må snarast, etter at naudsynte vedtak er fatta i kommunane, setjast opp ein framdriftsplan for arbeidet til godkjenning i kommunestyra.

#### **Vedlegg i saka:**

<b>Dok.dato</b>	<b>Tittel</b>	<b>Dok.ID</b>
19.05.2015	Prosjektrapport - Kommunereform i Sunnhordland	1328934
19.05.2015	Spørjeundersøking næringslivet	1328935
19.05.2015	Møtebok	1328936
21.05.2015	FORSLAG TIL INTENSJONSAVTALAR	1329321

Utskrift til: